

# Norsk nobelpris i medisin

## May-Britt og Edvard Moser tok imot nobelprisen i medisin i Stockholm.

Tekst: Eirin Hoel Hauge Foto: Anders Wiklund/TT/NTB Scanpix


Ekteparet var stolte og glade.

Dei fekk prisen fordi dei har funne ut noko viktig om hjernen vår.

Dei har forska på stadsansen og funne ut korleis hjernen veit kvar vi skal, og korleis vi skal komme oss dit.

Prisen blei delt ut under ein høgtideleg seremoni. Både May-Britt og Edvard var litt

nervøse. – Kanskje er det lettare å drive med hjerneforskning enn å ta imot ein pris? spøkte Edvard. Heldigvis gjekk alt bra.



### NOBELPRISEN

- Nobelprisen er kalla opp etter Alfred Nobel (1833–1896).
- Kvart år blir det delt ut fem prisar innanfor fysikk, kjemi, fysiologi og medisin, litteratur og fredsarbeid.
- Fredsprisen blir delt ut i Oslo. Dei andre prisane blir delte ut i Stockholm i Sverige.
- Prisen blir alltid delt ut den 10. desember, på Alfred Nobels dødsdag.

### FAKTA

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A side 127.

Gjer oppgåvene 1–5, 7–12.